

Haukås, Stian  
Seimstranda 564

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1660 - 14/18682

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
20.08.2014

## Manglar i søknad - gbnr 177/29 Nesse - bustad - rehabilitering og tilbygg

Viser til dokument mottekne med e-post 24.02.2014. Vi beklagar at vi har brukt så lang tid før vi kjem med tilbagemelding. Gjennomgang av dokumenta viser at det ikkje er ein søknad god nok til at vi kan handsama saka.

### Planstatus

I kommuneplan av 22.09.2011 er arealbruken LNFR (landbruks-, natur- og friluftsområde) Det medfører eit forbod mot nybygg og tilbygg, sjølv om det er på eksisterande hus. Dersom det skal godkjennast oppføring tilbygg (også altan/terrasse), må det først godkjennast dispensasjon frå arealbruken i kommuneplanen og frå byggeforbodet i strandsona.

### Teikningar

I underetasjen har du vist stue/kjøkken. Det er ikkje godkjent sekundærhusvære i dette huset, og det kan verta vanskeleg å få det, med den takhøgda som teikningane viser. Ny planteikning for første etasje samsvarar ikkje med fasade mot vest. Garasjedelen er ikkje med. På den nye fasaden mot vest ser det ikkje ut som ein garasje. Bruksendring frå grasje/bod til rom for varig opphald er søknadspliktig. Det manglar to fasadar. Dersom det ikkje skal endrast noko på dei to andre fasadane, kan vi godta foto av dei som dokumentasjon. Målsettinga av planteikningane er mangelfull, m a på terrasse og tilbygg.

### Nabovarsling

Det er sendt inn kvittering med signatur frå ein som ikkje er nabo eller gjenbuar. Søknad om dispensasjon skal også nabovarslast. Nabovarsling skal dokumenterast med personleg signatur eller kvittering for rekommandert postsending.

### Situasjonsplanen

er på eit alt for dårleg kartgrunnlag, og den viser ikkje kva som skal utførast.

Eg sender naboliste og kart i papirformat.

### **Ikkje søknadspliktige arbeid**

Rehabilitering, etterisolering, skifting av tak, kledning, vindauge og dører er ikkje søknadspliktig utan at fasadane vert vesentleg endra.

### **Søknad**

Dei tilbygga som er skissert, kan du utføra sjølv, når du har fått godkjent *søknad om dispensasjon og søknad om løyve til tiltak utan ansvarleg føretak*. Etablering av nytt husvære skal søkast om, prosjekterast og utførast av ansvarleg føretak .

Følgjande dokument skal vera med i søknaden

- Søknad om dispensasjon (brev)
- Kvittering for nabovarsel, med opplysningar gjeve i nabovarsel
- Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-2 (utan ansvarsrett)
- Situasjonsplan
- Teikningar
- Utgreiing om tiltaket (brev/e-post)

Blankettar til byggesak finn du på <http://dibk.no/no/>

Ein del om byggesak og dispensasjon ligg på [www.bing.nu](http://www.bing.nu)

Dersom du vil ha ska di handsama, må du senda inn komplett søknad innan 20.10.2014. Dersom vi ikkje får skriftleg tilbakemelding innan den datoen, vert saka avslutta.

Bruk adressa [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) ved tilbakemelding i saka.

Med helsing

Knut Bjørnevoll  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Haukås, Stian

Seimstranda 564